



REFERAT FRÅ MEDLEMSMØTE MØRE & ROMSDAL BRANNEFALSLAG 30. OKTOBER 2014

Stad:

Vestnes Fjordhotell.

Agenda

- Presentasjon av utstillarar
- Branntekniske konsulentar
- Kreftfaren for innsatspersonell i brannvesen
- HMS-prosjekt i Ålesund.

Leiar Jan Ove Kvernes ynskja alle velkomne, og spesielt til utstillarar og foredragshaldarar.

Førtisju personar var med under medlemsmøtet, og dette var medlemmar av MRBL, foredragshaldarar og utstellarar.

Presentasjon av utstillarar

Kvar enkelt utstillar fekk nokre minutt til å presentere seg sjølv, firmaet og nokon prata litt om enkelte produkt:

- Braco ved Frode Andersen informerte kva dei hadde med til medlemsmøtet. Av utstyr hadde dei med primært redningsutstyr. Vestnes har kjøpt ny brannbil og denne var parkert ute på parkeringsplassen
- Brannvernservice v/Peter A. Berli prata om ting dei har teke med, og dette var røykdykkarutstyr, utstyr til fallsikring og gassmålarar
- Dräger v/Trond Flenstad og Ole Heggen presenterte seg sjølv, og oppmoda møtedeltakarane om å stikke innom deira stand
- Firesafe v/Jonas S. Berg presenterte firmaet. Dei har kontor i Kristiansund, men tek i mot oppdrag for heile fylket. Han informerte også om omorganiseringar i verksemda
- Miele Professionals v/Per Erik Gjelstad informerte om dykkar system for vask av brannkle og røykdykkarflasker
- Wenaas 112 v/Are Karlsen starta sitt innlegg med å skryte av MRBL. Så informerte han om innkjøpsavtalen dei har inngått med Ålesund brannvesen KF/Møre og Romsdal 110-sentral. Med på avtalen er også kommunane (innkjøpssamarbeid): Skodje, Sula Giske, Stordal, Norddal, Sandøy Ørskog, Sykkylven, Haram og Stranda. Til slutt prata Karlsen om at dei jobbar med eit produkt om reingjering av branntøy.

Før føredraga starta informerte Jan Ove Kvernes om siste nytt frå styret:

- William B. Ekeli skal til Tallin i slutten av veke 45, i samband med landsrådsmøte til NBLF og oppsummering av eldreprosjektet. Nokre kommunar har vore med på dette prosjektet, og om dei har nokre kommentarar til prosjektet kan William B. Ekeli verte kontakta (sjå e-post og telefonnummer på http://www.nblf.no/kretslag_detalj.asp?KretslagID=7)
- Påminning om jubileumsturen i slutten av november.
- Nytt medlemsmøte vil verte arrangert til våren, og eit tema er allereie på planen. «Brann i Rindalskyrkja», der brannsjefen vil blant anna vise biletserie frå brannen etter lynnedslag
- Påminning om kurset «Taktikboken» i Molde den 5. og 6. februar 2015. Det vart oppmoda å melde seg på



- Turen til Rote Hahn. Det manglar personar som kan planleggje turen. Det er ønskje om at medlemmer melder sin interesse til å planleggje ein slik tur, og dette kan verte gjort til Jan Ove Kvernes.

Branntekniske konsulentar (del 1)

- **Kva er konsulentane sin oppfatning av tilsynspersonell i brannvesen? Er vi så «gode» som vi bør vere?**
- **Brannvesenet som konsulentar?**

Jonas S. Berg frå Firesafe hadde foredraget. Foredraget var delt i to, kor den første hadde fått tittelen «Korleis eigar, tilsynsmynde og konsulentar relatere seg til kvarandre». I denne delen vart det prata om:

- Aktuelle regelverk
 - Eksempel på regelverk
 - Høve rundt oppgradering av bygg
 - Skjerpa ytingar – eks. personleg trygging
 - Vist til eit eksempel om bygard i Trondheim, og at det er eit virvar av regelverk som gjeld for eit bygg. Er det rart at eigar kan verte forvirra?
- Eigar og deira overordna ansvar for bygg, som ikkje kan verte fråskreven gjennom avtale
- Tilsynsmynde
 - Kva gjer brannførebyggande avdelingar
 - Viste eksempel på avvik i rapport som gjekk på internkontroll/ekstern kontroll
 - Dokumentasjon og krav til formell kompetanse med omsyn til tilstandsanalyse, risikoanalyse, risikovurdering av brannfarleg vare og brannkonsept
 - Stikkprøvekontroll – eigar har eit ansvar at bygget er i orden, sjølv om brannvesenet ikkje har funne feil og manglar
- Konsulent
 - Tankar hjå eigar: «konsulent seier at alt er feil».
 - Korleis vert konsulentar engasjert – gjennom byggjesak og brannvesenet (i etterkant av eit tilsyn)
- Samarbeid mellom konsulent og brannvesen
 - «Den perfekte kvardag» - som ikkje finnast
 - Vist eksempel på byggtekniske feil
 - Korleis ser vi på kvarandre, og Berg vist til myter. Men i botn er konsulentar og brannvesen avhengig av kvarandre.
Konsulentar er avhengig av brannvesen for å kome seg inn i eit bygg å ta ei vurdering.
Brannvesen er avhengig av konsulentfirma for å syte for at ei tilstandsanalyse, vurderingar, osv. vert laga.

Lunsj

Det vart servert i tradisjon tro ball, samt krokanis og frukt til dessert.

Branntekniske konsulentar (del 2)

- **Kva er konsulentane sin oppfatning av tilsynspersonell i brannvesen? Er vi så «gode» som vi bør vere?**
- **Brannvesenet som konsulentar?**

Del to av foredraget handla om «Rettleiar for scenarbeidar» - ein rettleiar som er ute på høyring. Emne som vart med var:

- Først vart det vist til sceneeffektar frå ein musikkvideo, kor det vart brukt mykje pyroteknikk



- Film nummer to var konsertbrann i «The Station Night Club» i USA der over 100 personar døde
- Bakgrunn for rettleiaren, og her var det påpeika at brannalarmanlegg skal fungere under heile arrangementet (ikkje kopla ut)
- Bruksområder
- Kven som brukar røyk og pyroteknikk – det er mange, alt frå små bryllaup til store sportsarrangement
- Korleis brukast røyk og pyroteknikk
- Myndigheitstilsyn
- I bygg som ikkje er meint for sceneshow, vert dette ei unormal bruk og risiko. Det vart vist til fem ulike casar. I verste fall kan tilsynsmyndet avlyste arrangementet fordi dei ikkje har brannalarmanlegg som taklar røyk og pyroeffektar, eller tilfredsstillande risikoanalyse.
- Eigarar har gjerne eigenkomponerte løysingar. Eit eksempel som vart trekt fram var å ha brannvesen engasjert som dørvaktar, for så å kople ut brannalarmanlegget. Dersom DSB får kjennskap til dette, vil dei kome med reaksjon mot det gjeldande brannvesenet.
- I brannkonsept er det vist til kva som er lovleg og ikkje. Blant anna er ikkje fleirbruksbygg godkjent for bruk av pyroteknikk, men som regel vert det første showet planlagt dagen etter bygget er teke i bruk.
- Til slutt var det vist til eksempel frå verkelegheita.

Kreftfaren for innsatspersonell i brannvesen

Dag Skaseth frå Oslo Brann og Redning hadde følgjande emne i foredraget:

- Sagene brannstasjon, som nyleg er renovert
- Om seg sjølv som tilsett i Oslo Brann og Redning, samt prosjekter han har vore med på (blant anna røykdykkarheter og redningsdresser).
- Kva veit vi i dag: NOK!
 - Kreft og kva typar som er overrepresentert hjå brannfolk. Skaseth fortalte historier om dei gamle brannfolka han har prata med som har hatt eller har kreft
- Kunnskap – ønska og uønska
 - Vi må tolerere at ikkje alle opplysningar er gode
- Termisk dekomponering
 - Evna eit stoff har som gjer at det kan endre seg. Polyretan vart teke fram som eksempel, og kva stoffer det kan verte avhengig av temperaturen i brannrommet
- Opptak i kroppen – og det vart spesielt prata om opptak gjennom hud
- Taktikk og teknikk ved brannsløkking
 - Er det hensiktsmessig og riktig å gå inn i eit brennande bygg, der alle har kome seg ut? Og er det lov?
 - Viktig med skydd ved små brannar
 - Tips om personvern:
 - Maske med gassfilter
 - Lykt for å sjå røykskimmer – jo lengre vi er i rom med røykdis, jo dårlegare fungerer nesa
 - Bruk av røykgassvifte når i skal bytte brannkle
 - Rutinar for reinhald
 - Stasjon med urein og rein sone
 - Øving: det vi gjer på øving gjer vi i skarp aksjon.

Til slutt viste Dag Skaseth bilete frå tur til øvingscenter i Skotland. Her kan ein øve på nærmast alt. Brannvesenet har vorte statleg, og dei har fått midlar til å lage tre flotte øvingscenter i landet. Det er relativt kort avstand mellom brannstasjonane og ein av øvingscentra.



HMS-prosjektet i Ålesund

Vidar Bakke frå Ålesund brannvesen og hadde foredrag. Dei hadde med følgjande tema:

- Bakgrunn
 - Dårleg stasjon, og det har vore ønskje om ny stasjon.
- Prosessen
 - Ny stasjon har Ålesund brannvesen fått nei til av politikarane, men i 2013 fekk dei HMS-midlar
 - I 2014 mista dei HMS-midlane, men då mobilisert brannvesenet, og klart å få tilbake midla på kr. 13,5 mill. kr.
 - Det har vore tilsyn med Arbeidstilsynet på brannstasjonen.
 - Deler av brannstasjonen er allereie stengt av brannsjef/hovudverneombod, etter mistanke om asbest i byggjemateriale
- Plan så langt
 - Få oppretta rein og urein sone. Vognhallen skal blant anna vere rein sone, mens vaskehallen vert urein sone
 - Ny vaskemaskin frå Miele Professionals. Dette vert verdas første barrierevaskeri for brannvesen, kor tøyet leggst inn i vaskemaskinen i urein sone og takast ut i rein sone. Vaskemasiknen plasserast i vegg mellom rein og urein sone. Gjelstad informerte til slutt om ulike system, og at dei har ei leigeavtale. Han hadde historie om små brannvesen som har gått saman om å kjøpe ein vaskemaskin og tørketrommel.

Ulsteinvik, 03.11.14

William B. Ekeli
referent